**Fra:** Solfrid Lier Habbestad [mailto:solfrid.habbestad@stord.kommune.no]
**Sendt:** 28. januar 2014 19:08
**Til:** Postmottak KD
**Emne:** UTTALE I HØYRING-FORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OG PRIVATSKULELOVA

Uttale frå Stord kommune i høyringa som gjeld som gjeld forslag til endring i opplæringslova blir med dette sendt. (Høyringsfrist 29.1.2014)

Venleg helsing

**Solfrid Lier Habbestad**
Rådgjevar
Stord kommune

Telefon: 53496906
Straumpost: solfrid.habbestad@stord.kommune.no

**Stord kommune**

**Kunnskapsdepartementet**

Vår dato: 28.01.2014
Vår ref: 2013/4152 - 1834/2014 / A20
Dykkar ref:

## UTTALE I HØYRING -FORSLAG TIL ENDRING I OPPLÆRINGSLOVA

Komité for oppvekst og utdanning i Stord kommune gjorde i møtet 21.1.2014 vedtak (PS 3/14) om følgjande uttale i høyringa om lovendring i opplæringslova § 13-7 a om leksehjelp:

*«Stord kommune viser til Kunnskapsdepartementet sitt høyringsbrev av 18.12.2013 og vil gi uttale til den delen av høyringsnotatet som omhandlar leksehjelp.*

*Eit tilbod om leksehjelp der kommunane sjølv kan avgjera korleis dei åtte timane til formålet skal fordelast, gir i utgangspunktet stor fleksibilitet og kommunal handlefridom.*

*På høgare klassetrinn (mellomtrinnet og ungdomstrinnet) er dei faglege utfordringane større, og behovet for leksehjelp gjerne meir omfattande. Om leksehjelp skal tena i forhold til intensjonane med tiltaket, må elevane ha leksehjelparar som meistrar og har god kunnskap i faga. Lovendringa bør difor følgjast opp med økonomiske ressursar som gjer det muleg for kommunane å nytta pedagogisk personell som leksehjelparar og såleis kan leggja leksehjelpa til andre trinn enn småskuletrinnet.»*

Med helsing

Solfrid Lier Habbestad
skulefagleg rådgjevar

**Utviklingsgruppa**
Postboks 304
5402 Stord

Rådhuset
post@stord.kommune.no

Telefon

Telefaks
53 49 66 01